



ETTERLYST: JESUS



**DET
NORSKE
TEATRET**





ETTERLYST: JESUS

AV BJØRN EIDSVÅG

I SAMARBEID MED BJØRN EIDSVÅG

URPREMIERE 27. AUGUST 2016 PÅ HOVUDSCENEN

Bruk emneknagg #detnorsketeatret for å dele dine opplevingar hos oss på Instagram og Twitter.


FØLG OSS



Facebook: [detnorsketeatret](#)

Twitter: [@detnorsketeatre](#)

Instagram: [#detnorsketeatret](#)





MED

BJØRN EIDSVÅG
SVEIN TINDBERG

BAND

Trommer **ANDERS ENGEN**
Tangentar **DAVID WALLUMRØD**
Gitarar **KJETIL STEENSNÆS**
Bass **BJØRN HOLM**

Foto: ERIK BERG
Bildet er tatt i prøveperioden
I redaksjonen: ERIK ULFSBY, OLA E. BØ,
IDA MICHAELSEN
Grafisk formgjeving: MAKING WAVES
Trykk: PRINT HOUSE

Regissør **ERIK ULFSBY**

Scenograf og kostymedesignar **MIA RUNNINGEN**

Lysdesignar **TORKEL SKJÆRVEN**

Lyddesignar **OLE-PETTER BERGER**

Dramaturg **OLA E. BØ**

Inspisient **PÅL PANDE-ROLFSEN**

Sufflør **GRY HEGE ESPENES**

Rekvisitør **FINN KIRKEBY**

Maskør **TONJE LIE NAUFF**

Kostymekoordinator **KITTY KROHN RIEGE**

Lysmeister **RUNE ASPEGGEN**

Scenemeister **STENE EVENSEN**

Video **SIREN HØYLAND SÆTER OG RAYMOND STUBBERUD**

JAKTA PÅ JESUS

I Noreg er vi så sausa inn med Jesus og kristendom at vi stort sett overser han. Men i eit historisk lys, vel vitande om korleis kriste tankegods har påverka og utforma samfunnet vi lever i, kan jesuignoransen vår vise seg å bli ein hemske som hindrar utviklinga vår. Vi treng framleis Jesus, vi må vidare. Og det har Bjørn Eidsvåg forstått når han no legg ut på Jesus-jakt med framsyninga *Etterlyst: Jesus*.

DEN HISTORISKE JESUS

Først. Det er ingen tvil, Jesus har levd. Rundt år 90 fortel den jødiske historikaren Josefus at Jesus blei korsfest av Pontius Pilatus. Korsfestinga, Jesus og Pontius Pilatus er også skildra av romerske historikarar. I tillegg har vi evangelia og breva som skildrar grundig kva Jesus sa og gjorde. Og skal vi finne ut av kven Jesus eigentleg var er det teksten i Det nye testamentet som er den viktigaste kjelda vår.

Vi har ingen originalar til tekstane i Bibelen, men kopiane er svært mange og gamle. I dag finst det nærare 6000 manuskript til Det nye testamentet og ein reknar dei eldste for å vere frå omkring år 150 e.Kr. Dei eldste manuskripta som fortel om Jesus er altså skrivne 80-100 år etter originalane. Det er unikt. Til samanlikning har vi eit titals manuskript av Platon og av Julius Cæsars «Oppteikningar frå gallarkrigane». Tekstane til Platon blei skrivne

ein stad mellom 430 og 330 f.Kr. Dei eldste manuskripta som er tekne vare på er frå 900 e.Kr., minst 1200 år etter originalane. Julius Cæsars «Gallarkrigane» er skrivne ned mellom 100 og 50 år f.Kr., medan dei eldste kopiane vi har tilgang til i dag stammar frå 900 e.Kr., altså 950 år yngre enn originalane.

Kombinasjonen av det enorme talet på manuskript som omtalar Jesus og funn av manuskript som ikkje er meir enn 100 år etter originalen, gjer Jesus til ein av dei best dokumenterte personane i historia.

JESUS I EVANGELIA

Det er likevel ikkje slik at vi ved å fastslå at Jesus faktisk har levd kan seie noko nærare om kven han var. I Det nye testamentet finn vi fire evangelium; Matteus, Markus, Lukas og Johannes. Dei fortel i det store og det heile dei same forteljingane, men stoggar vi opp ved enkeltscener finn vi også store skillnader. Som det siste Jesus seier på korset før han dør. I evangeliet etter Markus seier Jesus:

Og ved den niande timen ropte Jesus med høg røyst: «Eloï, Eloï, lemá sabaktáni?» Det tyder: «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?» (Mark 15, 34)

I Matteus finn vi ein tilsvarande tekst, medan hos Lukas har ting endra seg:

og Jesus ropa med høg røyst: «Far, i dine hender gjev eg mi ånd!» Med desse orda anda han ut. (Luk 23, 46)

Der Jesus i følgje Markus og Matteus ropar etter Gud, ein gud som tilsynelatande har forlate ham, verkar det hos Lukas som om Jesus har forsona seg med sin eigen død. Hos Lukas overgir Jesus ånda si på eige initiativ, og det som var 'Gud' hos Markus er 'Far' hos Lukas. Går vi vidare til evangeliet etter Johannes finn vi endå ei utvikling:

Då Jesus hadde fått vineddiken, sa han: «Det er fullført!» Så bøygde han hovudet og anda ut. (Joh 19, 30)

I følgje Johannes forstår Jesus sin eigen død fullt ut. Difor kan han seie «Det er fullført!» Les vi desse tekstane parallelt kjem vi ikkje unna å spørje: kven var denne Jesus eigentleg? Er det mannen som Markus skildrar, som er redd og opplever å vere forlaten? Eller er han 'Sonen' som på dødsleiет forsonar seg med 'Far' sin, som Lukas fortel om? Eller er han ein supermann-Jesus, 'alt i alle', ein som forstår alt og toler alt, og kan møte sin eigen død med orda «det er fullført»? Nei. Det er ikkje heilt enkelt å seie noko eintydig om kven Jesus er i evangelia heller. Og det som kanskje har vore det vanskelegaste er ikkje døden hans, men oppstoda hans.

DEN UDØDELEGE JESUS

Oppstoda. Folk har tvilt på oppstoda like lenge som forteljinga om den spektakulære post-dødsseansen til Jesus har vore i omløp. Ved jamne mellomrom dukkar det opp tankar og innvendingar om at oppstoda var ein bløff, regissert av dei første kristne og kyrkja. Kvifor blir så forteljingar om Jesus gong på gong møtte med skepsis og avvist som ein historisk bløff? Eller for å snu på det: Kvifor blir ikkje Platon og Julius Cæsars gallarkrigar utsette for same typen kritikk? Svaret er enkelt. Kven har noko å tape på å svekkje Julius Cæsar eller Platons historiske autoritet? Dei har inga reell makt lenger, ikkje som Jesus. For gjennom oppstoda er ikkje Jesus lenger eit menneske som deg og meg, han er Gud. Og trass i at vi er aldri så sekulariserte i vår del av verda trur mange menneske framleis på Gud. Og som Gud, og med sine meir enn 2 milliardar etterfølgjarar, representerer Jesus framleis reell makt.

Som den heilt sentrale skapnaden i den kristne religionen er Jesus også heilt sentral i dei samfunnsordningane den kristne religionen har opna for. Jesus har påverka forståinga vår av demokrati, skole- og helsevesen. Det blir for enkelt å seie at skole, helse og demokrati er ei kristen oppfinning, samstundes er det ikkje råd å oversjå samanhengane. I Noreg var til dømes den offentlege skolen først ein kyrkjeskole. Målet var å gjere elevane i stand til å gjennomføre konfirmasjonen. Barn måtte difor kunne lese, og det var forteljingar frå Bibelen dei las.

Det er ikkje berre i storpolitikk at Jesus har sett spor etter seg. Det er kanskje først og fremst i det mellommenneskelege og personlege han har hatt størst effekt. På godt og vondt. For makt kan alltid misbrukast, også når Jesus er makt. Når til dømes ein prest gjer eit overgrep, blir Jesus for den fornærma forståeleg nok assosiert med overgriparen. Og overgrep skjer, også i 2016. Ei anna mørk side ved Jesus, er den mentale maktutøvinga som ligg i kyrkjesamfunna sin definisjon av kven Jesus er. For mykje og for lenge har det mellom dei kyrkjelege kvinnene og mennene vore snakk om synd, skuld, frelse og fortaping. Tanken bak helvetes- og syndspreiket har mest truleg vore å gjere motsetnaden, himmelen og frelsa, desto meir tiltalende. Men slikt fungerer ikkje lenger. Og medlemstala i Den norske kyrkja stuper.

AKTUELL NORSK JESUS

Sjølv om kyrkja ikkje lenger har den makta ho ein gong hadde, skapar Jesus framleis overskrifter. Det merka vi oss da dorullprodusenten Lambi i 2013 oppmoda folk om å sende inn vakre ord om kjærleik i sosiale medium. Mellom framlegga var også ord av Jesus, «Der hvor din skat er, der vil dit hjerte også være» (Matt 6, 21). Det blei støy. I Vårt Land var ein på leiarplass opprørt over at folk kunne finne på å «tilgrise Guds ord», medan biskop Laila Riksaasen Dahl meinte produsenten «mangla respekt» for

Bibelen. I VG kunne vi dessutan etter kort tid lese at «kirken stopper doruller med bibelvers». Lambi valde til slutt å trekkje produktet frå den norske marknaden. Det blei for mykje støy når folk skulle tørke seg bak med ord frå Jesus.

Jesus fekk igjen stor åtgaum da Framstegspartiets Sylvi Listhaug i november 2015 meinte at ho og Jesus i botn og grunn stod for mykje av det same. I Dagsnytt atten hevda ho at Jesus, som ho, ser at det er naudsynt å kutte i bistandsmidlane. Ho ville gjere som Jesus, hjelpe flest mogleg, «og da handler ikke det om å hjelpe veldig mange i Norge». Fleire biskopar var usamde, også politikarar. Og det blei bråk.

Det blir ofte litt støy når Jesus entrar scenen. Det blir det sikkert òg når Bjørn Eidsvåg skal finne Jesus på Det Norske Teatret. Og det er bra, for trass i støyen han skapar er Jesus undervurdert. Svært få kvinner og menn er klare over kva makt Jesus framleis representerer. Makt til å endre individ så vel som storsamfunn. Og makt er som kjend best når den blir fordelt. Oppmodinga til alle som får oppleve dette stykket er difor klar: Gjer som Bjørn, legg ut på Jesusjakt!

Petter Skippervold, teolog og stipendiat ved Universitetet i Oslo.
Til nynorsk ved Unn Catodotter Fyllingsnes



INGEN VAR SÅ TRYGG I FARE

ingen var så trygg i fare
som meg som gut i bøn på kne
Jesus og hans engleskare
sørga for det
nåttå som var mørk og farleg
kom av og te med skrekk og skrømt
då kviskra Jesus te meg varleg:
du har berre drømt

og eg var den tryggaste i verda
Jesus var min beste ven
han ville vokta meg på ferda
og ta meg trygt te himmelen
for Jesus var min beste venn


heila tidå var han med meg
han kunne eg snakka med om alt
øve alt kunne han se meg
og gripa inn om det gjaldt

va eg triste eller lei meg
va han der med hjelp og trøst
alltid gode ting å sei meg
alltid klar og milde røst

og eg var den tryggaste i verda
Jesus var min beste ven
han ville vokta meg på ferda
og ta meg trygt te himmelen
for Jesus var min beste venn

han va kje bare glad i meg når
eg var snille'
men og når eg var litt ustyrilige og ville'
han var glad i alle små
det var eg trygge på
det var eg trygge på

og eg var den tryggaste i verda
Jesus var min beste ven
han ville vokta meg på ferda
og ta meg trygt te himmelen
for Jesus var min beste venn





*Om ikkje religionane spissar vår humanitet og
skjerpar vår medkjensle, kva skal vi med dei då?*




Biblele II









*Til tross for stadige skot for kristen-baugen min,
så er eg framleis råka av ein begeistring for Jesus.
Det er noko ved han eg ikkje klarer å sleppe.*








Bjørn:

*Eg var fråhaldsmann då eg kom til Oslo,
blant anna grunna det som sto i...*



Svein:

1. Peters brev kapittel 5, vers 8: Vær edrue!

The image is a dark, atmospheric photograph. On the left, a large, textured wall, possibly made of stone or wood, is illuminated with a blueish light. The texture is intricate and somewhat abstract. On the right, a dark wooden table is set with two lit candles in silver holders. The table is covered with a white cloth. In the background, several vertical wooden poles, possibly birch, are visible. A bright light source from the right casts a strong beam of light across the scene, creating a dramatic contrast. The overall mood is somber and contemplative.

*Bjørn:
Det synte seg nå som eg las teksten på gresk,
at det egentlig sto: Vær nøkterne!*



*Enno i dag ser me døme på at religionar er engstelege
og skeptiske til kunst og kultur, vitskap og innsikt.
Nokon stader øydelegg og raserer dei til og med vår
felles kulturarv – i Gud sitt namn.*





GUD MED LITEN G



hvis det e me som har skapt gud i vårt bilde
e det ingen grunn te å skryt' av d
me må ha brukt vårt eget grums som kilde
og skapt ein gud med liten g
hevnjerrig og smålig
sinna og sur og gravalvorlig
redd for frihet redd for kvinner
og veldig opptatt av jomfruhinner
alvorlig talt Gud – me ber:
du må vær' bedre enn det her

det e visst ikkje lurt å anvenda håve
det ska knapt nok vær te pynt
og tankens frie flukt e slett inga gåve
det e vedtatt og forkynt
og kunnskap e farlig
og skriften må tolkas heilt bokstavelig
kjærleiken e god og skjønn
men ikkje for dei av samme kjønn
alvorlig talt Gud – me ber:
du må vær bedre enn det her

ei jentas ord om frihet blei ein trussel
hu blei skutt for det
då blei allah gjort så liten og ussel
han blei ein gud med liten g
bli kongen av sunn fornuft
gi frie tankar næring og luft
hold opp med å vær skremmemann
hei på innsikt og forstand
alvorlig talt Gud – me ber:
du må vær mere som det her

din anelse har droppa ganske dramatisk
det e tid for å stå fram som langt mer sympatisk
og hvis det e sant at kjærleiken e størst
må du rydda opp i eget hus først.

bli kongen av sunn fornuft
gi frie tankar næring og luft
hold opp med å vær skremmemann
hei på innsikt og forstand
alvorlig talt Gud – me ber:
kom og rydd opp i det her





***Fundamentalisme har sitt utspring i skrifttruskap: det som står
skal tolkast bokstaveleg. Dette ser vi stadig fører til grusomheter.
Og nokon meiner at berre noko skal tolkast bokstaveleg.
Men kva er det for eit utsegn? Og kven avgjer kva som er kva?
Prestar? Imamar? Rabbinarar?***





*Når vi så etterlyser Jesus, betyr det då at Jesus er fritt vilt,
at han kan lagast til det vi vil ha han til å vere?*



KIM SA DEI AT DU VAR?

kim sa dei at du va
og va du nøgd med det dei sa
blei du sett som den du ville vær
eller såg dei ein med lånte fjær
kim sa dei at du va?

va du klar øve det sjøl
va du Gud eller bondeknøl
va du meire enn ein vanleg kar
va Josef eller Gud din far
va du klar øve det sjøl

blei det lagt på deg ei bør
det va altfor tungt å bera
va du ein viljelaus aktør
i eit spel om Gud og verda
eller va du ein mann
- altfor god te å ver' sann?

du sa du ville fred
det e synd å seia det
men det e langt fra det det blei
ennå sloss og kives dei
du sa du ville fred

nåken trur dei vett
og meiner dei trur rett
om kim du va og kim du e
andre har heilt gitt opp det
men nåken trur dei vett

kver og ein av oss gjer deg
te den me syns du ska vær'
me forme og kler deg
te me kan ha deg kjær

blei det lagt på deg ei bør
det va altfor tungt å bera
va du ein viljelaus aktør
i eit spel om Gud og verda
eller va du ein mann
- altfor god te å ver' sann?





*ka har skjedd Jerusalem
har vårherre sjøl forlatt deg
din hellighet e vanskelig å sjå
ka har skjedd Jerusalem
har dei hellige bedratt deg
eller har du alltid vore sånn som nå
så vanskelig å skjønna seg på*





Er det gjerningane som frelsar oss ... eller er det trua?



*Helvete er ingen plass ein skal hamne,
det er noko ein kan stelle i stand.*




FRÅ BETEL TIL FOLKETS HUS

Det er berre eit steinkast frå bedehuset Betel i Brugata i Sauda og til bygdas storstove, arbeidarrørslas Folkets Hus i Skulegata, bygd på dugnad i 1931 og no det første Folkets Hus som blir freda av Riksantikvaren. Men den åndelege avstanden var stor. Rockepresten Eidsvåg seier at «Dit fekk me ikkje lov å gå for der heldt Reidar Brendeland på med den «forferdelege» musikken sin. Men eg lurte meg nå likevel bort for å høyra». Den tre år eldre Brendeland opererte på si musikalske vandring under bandnamn som *The Circle of the Cryptic Admonishment*, *Pshycho* og *Meet* før han fann seg til rette som sjølvaste Vestlandsfanden. Så åtvaringane frå bedehuset hadde forsynets tyngd på si side. Bjørn Eidsvåg hadde likevel sin base på bedehuset og vart etter kvart drivande kraft og dirigent i den nystarta Ten Sing-gruppa Star-Sing, eit kristent ungdomstilbod som dukka opp tidleg på 70-talet etter at den kommande svigerfar hans hadde blitt søkneprest i Sauda. Da minka avstanden mellom Betel og Folkets Hus, Star-Sing samla fulle hus på konsertar og musikalar både i Turnhallen, Sauda Klubb, i kyrkja, og i Folkets Hus. Men så forsvann den unge låtskrivaren og artisten til Oslo for å studera teologi, på Menighetsfakultetet av alle stader, og den musikalske

ungdomsarenaen vart på ny overtatt av rockegrupper med kryptiske namn.

Me som hadde vår oppvekst i Sauda frå midt på 1900-talet mangla elles ikkje fritidstilbod. Organisasjonsfloraen var uvanleg rik, og talet på foreiningar og lag var så stort at om ein gir seg til å fordela folketalet, rundt 6000, på dei ulike aktivitetane, frå klekking av lakseyngel til kurs i Esperanto, er det heilt ubegripeleg at folk hadde tid til noko anna enn å fylla fritida.

Etter gammalt hadde Sauda ord på seg for å vera eit «pietistisk hol». Nokre hundre sjeler i den inste av Ryfylkefjordane, der alderdommeleg salmesong berre vart avbroten av breking og klemt frå sauebjøller. Når prestane i nabobygda Suldal var riktig ille, og det var dei visst ofte, heiter det at dei vart stappa i ein sekk og slepte over til nabosoknet – Sausokn. Det var straff nok. Til dette holet kom bakaren Kornelius Andersen i 1899, frå ein liten gard ved ei lita elv – ei å, sør på Karmøy. Familien skifta seinare namn til den lokale utalen av denne elva – aano. Arne Andersen, seinare Aano følgde i fotspora til faren både som



vekkingspredikant og bakar i Sauda, på folkemunne vart han kalla «Den syngjande konditor». Han var ein av dei mest legendariske lekpredikantar på Sør-Vest landet, ein lettleva kar med trekkspel på magen. Han ofra seg etter kvart heilt for å spreia bodskapen og overlet bakinga til ein av disiplane sine, den seinare eigaren av Sauda Bakeri, Einar Eidsvåg, som òg song for gjærdeigen.

«Saa, Saa, dårande ven som huldreauga» (g-en skal ikkje uttalast)» syng me i bygdesongen. Denne fjordblanke idyllen vart broten av industrialisering. Og seinare har Saudabuen sagt at «det er røyken me lever av». Med industrialisering og urbanisering vart det større breidde i kristenlivet òg. I tillegg til misjonsforeiningar og kristne lag som kunne skriva historia si attende til 1800-talet og hegna om sine lokale bedehus rundt om i bygda, etablerte både Frelsesarmeen, Pinsevevne og Metodistane seg med egne hus og stor aktivitet. Eit høgdepunkt i underhaldningslivet var å slost om vindaugsplassen utanfor «Håndverkere» kvar gong Maran Ata hadde sine ekstatisk vekkingsmøte med tilhøyrande ånde jakt.

Når den rebelske teologen og artisten Bjørn Eidsvåg no gjer opp status i si åndelege reise, og saman med Svein Tindberg leitar fram ein Jesus han kan leva og forsona seg med, så lener han seg på ein samansett tradisjon. Eit industrisamfunn med det amerikanske storselskapet Union Carbide i ryggen, der politisk radikalisme heilt naturleg bygde på erkjenninga av at levemåten kvilte på internasjonale krigskonjunktur. Ein opprørsteologi der heltemodige figurar som Martin Luther King, Hélder Câmara og Oscar Romero var førebilete i viktige ungdomsår. Og ein musikkultur som sjølvsgatt var prega av samtidas store idol som Rolling Stones og Beatles, men som òg drar med seg lekmanrsørs las inderlege songskatt, ein syngande bakar og den rause forsamlingskulturen på Folkets Hus, der Evald drog sin belg og der me som hadde lært å dansa på Ungdomshuset kunne få eit lynkurs i swing i byte mot nokre sveitte rundar med polka og reinlender.

Ola E. Bø





MAKING
WAVES



DETNORSKE



OBOS

www.detnorsketeatret.no
BILLETLUKA: 22 42 43 44